

Årsmelding 2017

Oppsummering av året i kyrkjelyden og nokre refleksjonar omkring vegen vidare.

ÅRSMØTE I TUNET (Storsalen) etter gudstenesta
sundag 15. april (ca kl 12:45)

Ferdigstilling av TUNET kyrkje- og kultursenter var det store praktiske og økonomiske løftet i 2017



ORGANISASJON

Os sokneråd har funksjon både som kyrkjeleg fellestråd og sokneråd i Os kommune.

(Os sokn har same geografiske grensar som Os kommune.)

Soknerådet er sett saman slik: (Folkevalde for perioden 2015-2019)

Anne Turid Bjørnevik (leiar), Arne Tveit (nestleiar), Torild Aadland, Kjellaug Fyllingsnes, Jo Kåre Herfjord, Tonje Hernes, Jorunn Hodneland, Kay even Hægland, Knut Inge Johnsen og Edle S. Lunde samt sokneprest Margrethe H. Askeland. (Vara: Roar H. Evjedal)

Varafolk: Anne Wivegh, Leif E. Fjellvang, Oddvar Sandtorv, Hanna Hagerup og Grete S. Våge.

Kommunal representant (Deltak i kyrkjestyresaker/fellestrådssaker):

Marie Bruarøy. Vara: Laila Reiertsen.

Soknerådet har til vanleg møte ein gong/månaden.

Ulike forvaltningssaker^{*)} er delegert til Driftsstyret. Dette styret er sett saman av Anne Turid Bjørnevik, Arne Tveit, Torhild Aadland, Margrethe H. Askeland og kommunal repr. Marie Bruarøy. Dei har møte etter behov.

Kyrkjevevja er sekretær og møter i folkevalde organ.

^{*)} forvaltningssaker: som økonomisaker, saker knytt til gravferdsforvaltning, tilsettingar og andre administrative saker innan gjeldande reglement.

STAB/TILSETTE

Staben vert leia av kyrkjevevje Gerhard August Hansen.

Soknerådet har arbeidsgjevaransvar for tilsaman 14 tilsette.

Prestetenesta: Prestane er tilsette hjå Bjørgvin bispedøme med prost Kristin Litleré (Fana prosti) som leiar. Lokalt er prestetenesta leia av sokneprest Margrethe H. Askeland

Oversyn over medarbeidarar og deira hovudansvar/oppgåver:

Namn	Stilling	Oppgåver
Gerhard A. Hansen	Kyrkjevevje	Dagleg leiar
Elin O. Moberg	Sekretær	Ekspedisjon. Økonomi/rekneskap. Utleige.
Monica Refsdahl	Sekretær	Kyrkjebok/medlemsregister. Web/kunngjeringar. Gravregister/forvaltning.
Inger J. Haugland	Friv. koordinator	Fordeling oppgåver og oppfølging frivillige. Org. Minnesamvær. Join Us ten sing. Konfirmantar.
Ingrid Vik	Diakon	Språkkafé/integreringsarbeid, sorgarbeid, konfirmantar.
Gro Helen Skjælaaen	Kyrkjelydspedagog	Søndagsskule/«Laurdagssprell», Tweens. Familiearbeid. Konfirmantar.
Hildur L. Lillestøl	Kateket	Leiar undervisningsarbeid. Konfirmantararbeid.
Lars Joar Hilleren	Ungdomsarbeidar	Trosopplæring ungdom. Ungdomsarbeid. Konfirmantar
Nicolay Vinkler (Vikar for Hege Varhaug-Lekven i 2018)	Trosopplæring	Trosopplæring 0-11 år. ShubaDubs.
Andrew Holman	Kantor	Kyrkjemusikkar gudstenester og kyrkjelege handlingar. Os kyrkjekor.
Reiar Berge	Driftsleiar	Organiserer arbeid med drift av gravplassar, kyrkjer og Tunet. Gravferdsforvaltning.
Trygve Helgesen	Kyrkjetenar/driftsmedarbeidar	Kyrkjetenar, + oppgåver knytt til drift av Tunet, kyrkjer og gravplassar
Linn-Kjerstin Rondestveit	Anleggs-gartner/driftsmedarbeidar	Drift av gravplassar, bygg og anlegg. Kyrkjetenar
Marianne Tveit	Driftsmedarbeidar	Drift av gravplassar, bygg og anlegg. Kyrkjetenar

Soknerådet - viktige saker

Framfor kvart SR-møte samlast AU og går gjennom ulike saker/problemstillingar og drøfter korleis sakene skal presenterast.

AU er sett saman av leiar Anne-Turid Bjørnevik, Nestleiar Arne Tveit, Torild Aadland og sokneprest Margrethe Askeland. Kyrkjevevja er sekretær.

Sak	Kommentar
Fordeling julemessemidlar	50 % av overskot vert fordelt etter søknad til ulike grupper/kor/einingar. 55-tusen vart delt ut for vårsemesteret og 32-tusen for haustsemesteret
Budsjett 2017	Soknerådet/kyrkjestyre vedtok både driftsbudsjett og investeringsbudsjett.
Oppretting av stillingar	Auka driftsramme frå kommunen gav rom for å auke diakonstilling til 100% + oppretting av 75% stilling på driftssiden (gravplass/drift bygg/kyrkjer).
Kommunesamanslåing – oppretting av fellesnemnd	Representanter frå Os sokneråd til fellesnemnda er Anne Turid Bjørnevik og Arne Tveit. Sokneråda i Os og Fusa har vedtatt delegasjonsreglement for fellesnemnda sitt arbeid.
Rekneskapen 2016	Rekneskapen var godkjent med 229-tusen i mindreforbruk (overskot)
Tunet – kyrkje- og kultursenter	SR har hatt dette som tema på fleire møter. Førebuing av opningsfest, bruk av Tunet til ulike formål, utleige (vilkår), utstillingar, osb.
Frivillige i kyrkjelyden	Nedsetting av arbeidsgruppe som drøfter rekruttering, oppfølging og avslutting av engasjement
Strategiarbeid	Oppfølging på dei ulike arbeidsområder skjer gjennom desse utvala: <ul style="list-style-type: none">• Gudstenesteutvalet• Diakoniutvalet• Trosopplæringsutvalet• Misjonsutvalet• Nore Neset-utvalet

Soknerådet - viktige saker

Tildeling av offer	SR tildeler offer etter søknad frå ulike lag/skular og studiestader/kristne organisasjonar. Fast månedleg offer til Tunet, kyrkjelydsarbeidet og misjonsarbeid. Øvrige tildelast etter konkret vurdering.
Høyringsfråsegn framlegg til lov om tros- og livssynssamfunn	Eit stort høyringsgrunnlag der fleire lover (inkludert kyrkjelova) skal erstattast med ei felles lov.

GJEVARTENESTA

Den mangeårige gjevartensta til ungdomspresten har sine trufaste bidragsyttere. Desse midlane er delfinansiering av ungdomsarbeidarstillinga

Gjevartenesta som var etablert til «Stiftinga Kyrkjelydshus i Os» har og nokre få trufaste gjevarar. Midlane går til Tunet som er ei vidareføring av det Stiftinga etablerte på 1980-talet.


Gjevartenesta til trinn III hadde i 2017 58 gjevarar som bidrag kvar måned med kr 28 500. Dette er ei auka frå 2016 på 43 gjevarar og auke månedleg beløp (18 700,-).

Ved sidan av desse faste gjevarar har det vore ulike einskild-gåver. Nokre knytt til Flygelprosjektet, medan andre har gåvebeløp til trinn III-prosjektet.

Gudstenester

Gudstenesten har ei sentral plass i kyrkjelyden. Talet på gudstenester og deltakarar pr gudsteneste for dette 10-året syner små variasjonar. Det er jamt god oppslutnad om gudstenestene i kyrkjelyden.

Litt utfordrande vart det då kyrkjemøtet i januar vedtok likestilte liturgiar for kyrkjeleg vigsel, og holdt fast på at ulike syn på likekjønna samliv ikkje er kyrkjesplittande. Også i Os kyrkjelyd er det ulike syn i desse spørsmåla, både i presteskap, sokneråd og blant kyrkjegjengarar. Det går eit skilje mellom nei og ja her, men på begge sider av dette skiljet er det også ulike syn og oppfatningar av kva konsekvensar ulikskapen skal ha. Dette er ei smerte vi må leva med, sjølv om det ikkje er synleg i statistikken over gudstenestedeltaking. Det er gledeleg at mange likevel held fram som frivillige i kyrkjelydsarbeidet.



Kyrkjelyden held fram med å feire eit mangfaldig og variert gudstenesteliv, i 2017 som i åra før. Det er skrive utførleg om band-gudstenester, dåpsgudstenester, trusopplæringsgudstenester osb tidlegare. Nokre gudstenester har hatt særskilt fokus:

- Misjon:
 - 08.01 Ungdommens misjonsgudsteneste
 - 26.03 Barnas misjonsdag
 - 05.06: Gudsteneste i samarbeid med Os fellesforening av NMS
- Lutherjubileet 2017. Vi freista la sentrale tema frå Luther prega gudstenestene på ulikt vis
 - 22.01: Jesus åleine
 - 12.02: Skriften åleine
 - 02.04: Nåden åleine
 - 27.08: Nåden ikkje til sals
 - 03.09: Skaparverket ikkje til sals
 - 17.09: Mennesker ikkje til sals
 - 15.10: Frelsen ikkje til sals
- Andre gudstenester
 - 23.04 Prost Kristin S. Litlere var på sin første gudsteneste i Os.
 - 28.05 deltok songarar frå barnekorfestivalen som hadde vore i Os.
- Særlege gudstenester det er verdt å halde fast på:
 - Krossvandring og pasjonsgudsteneste langfredag
 - Samarbeidet med familine von Erpecom om 2 gudstenester i Lyse Kloster kapell i sommermånadene
 - Kongshaugdagen om hausten
 - Minnegudstenestene helgemesse-sundag
 - Speidargudstenesten 1.s. i advent
- Skule- og barnehagegudstenester.
 - Det er stor oppslutnad om skulegudstenestene,
 - Lyskloster skule har sine gudstenester i Lyse Kloster kapell rett før somarferien.
 - Os barneskule har påskegudsteneste
 - Alle dei andre skulane deltek på gudstenester før jul.
- Nytt av året:
 - 24.09 Søndagsskulens dag vart markert igjen.
 - 13.12 (onsdag) lysmesse med ungdomane våre og Join Us

Tabell A: Gudstenester i soknet søn - og helgedagar, og deltakarar pr gudsteneste

		2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Os sokn	Gudstenester, sun- og helgedagar	118	110	108	109	109	105	102
	Deltakarar, gudstenester sun- og helgedagar	16812	15755	15531	15827	16340	14225	15003
	gjennomsnitt pr gudsteneste	142	143	144	145	150	136	147

Tabell B gjennomsnitt antal deltakarar pr gudsteneste i kvar av kyrkjene våre

Os kyrkje	gjennomsnitt pr gudst	161	160	165	167	168	167	167
Nore Neset	gjennomsnitt pr gudst	116	110	119	123	122	106	106

Tabell C. Totalt antall gudstenester i soknet, og deltakarar

Gudst totalt				134	128	135	131	133
Deltakarar totalt				19151	18308	19321	18979	20999
gjennomsnitt pr gudstjeneste				143	143	143	145	157

2.01 Andaktstjenesten - institusjonsteneste

Tenesten prestane og delvis organistane og frivillige musikarar gjer på institusjonane i kommunen + Ravneberghaugen er variert. I 2017 hadde vi

- 88 andaktar
- 5 gudstenester, 4 av dei med nattverd
- Tilbud om samtale 2 gongar i månaden. I snitt er det om lag 2 samtaler pr gang

- Samtale etter tilkalling. Einskildbebuarar kan ha behov for samtale med prest anten ein gong eller fleire gonger. Vanskeleg å talfest kor mange slike samtalar vi har hatt, men nokre vert det i løpet av eit år
- Omsorg for døyande etter oppkalling frå personal eller pårøyrande har det vært ein god del av.

3.0 Kyrkjelege handlingar

Folkekyrkja ser ut til å stå sterkt her i Os. Mange vel kyrkjelege ordningar ved dei store krossvegane og overgangane i livet, sjølv om tala her varierer meir enn gudstenestetala. Særleg talet på konfirmantar og kyrkjeleg inngåtte ekteskap syner ein tydeleg nedgang dei siste åra, men det er vanskeleg å seie om dette skuldast variasjonar i befolkninga frå år til år eller om det er ein reell nedgang i prosentandelen som vel kyrkjeleg konfirmasjon. Når det gjeld gravferder vel nær 100 % kyrkja sin ordning. Det er eit privilegium for oss som kyrkje å få vere med så mange av våre medlemmer ved dei store hendingane i livet deira.

Nokre Tal

	2013	2014	2015	2016	2017
dåp	171	172	189	180	174
konf	176	172	185	164	153
vigsel	46	39	38	32	31
gravferd	104	106	83	106	99

ANNA KYRKJELYDSARBEID

- **Torsdag i Tunet (TitT)** hadde også i 2017 eit variert program, det er eit stabilt oppmøte
- **Søndagssamlingane** der menneske med psykisk eller fysisk utviklingshemming er særskilt inviterte har samling om lag ein gong i månaden.
- **Seniorkoinonia og eldretreffet** held og fram med sitt gode arbeid, sjølv om det i fjor vart bytta leing i begge desse tiltaka. Per Torgeir Nilsen overtok ansvaret for Koinonia, saman med ein stabil stab. Og Jorunn og Osvald Hindenes står for eldretreffa i samarbeid med sanitetsforeininga.
- **Open søndag i tunet** hadde samlingar på søndagskveldane
- Det er ein del **bibelgrupper** i aktivitet. Mange av dei har holdt på i mange år, og er ei god støtte for dei som er med.
- Tilbod til dei som ikkje sjølv er med i ei gruppe, og ikkje har høve til å starta opp ei, har vi i tillegg til Torsdag i Tunet og Open søndag, **Ope hus** hos Grete og Vegard Hodneland å vise til.

- Misjonsarbeidet står sterkt i kyrkjelyden. Vi har misjonsavtale med NMS og støtter arbeidet i England og Estland, både i forbøn og med pengar. I haust var ei gruppe frå kyrkjelyden på vitjing i Maria Magdalena kyrkjelyd i Mustamäe i Tallinn. Dessutan ber vi fast for misjonærar på Madagaskar og kyrkjelyder i Brasil.
 - Her er fleire aktive misjonsforeiningar for NMS. Fellesforeininga står for både stemne på våren og messe om hausten. (sjå eige avsnitt lenger bak)
 - Her er Israelsmisjonsforeining
 - 5 foreiningar er heilt eller delvis knytta til NLM.
 - Indremisjonen driv og arbeid knytta til fleire av bedhusa i bygda
 - Kyrkjelyden støttar arbeidet som drives i Garden of Eden Kenya med både pengar og forbøn.
- Os y's men har en aktiv foreining. De jubilerer i vår. Her er arrangement med både faglig og kulturelt innhold, og ein klar sosial profil. Klubben samlar inn pengar på ulikt vis, og er ei god støtte for ungdomsarbeidet vårt. (sjå eige avsnitt lenger bak)
- 1.os KFUK-KFUM speidere er ei aktiv gruppe. Rekrutteringa av nye speidarar går greit, sjølv utan marknadsføring. (sjå eige avsnitt lenger bak)

Prostisamarbeid

Prestenesta.

Prestane har som kjent prosten som sin næraste overordna og prostiet som tenestedistrikt og soknet som tenesteområde. Inntil 20 % av prestetenesta kan disponerast av prosten. Vi prestane i Os skal ha noko kapasitet til å avløysa i sokn med ein prest når einepresten skal ha fri. Lokalt her i Os har vi - i samråd med prosten - fordelt oss slik:

Seniorpresten har tatt det meste av tenesta med å avløyse eineprestar, for det meste på Austevoll.

Kapellanen har eit særleg ansvar for band-gudstenestene, i tillegg til at han har eit engasjement inn mot ungdoms- og familiearbeidet i kyrkjelyden. Då vert det lite tid igjen til å avløysa andre.

Soknepresten har brukt noko av sin tid og kompetanse inn mot bispedømet sitt arbeid med retreat og andeleg vegleiing.

Prostiet

5.februar vart Fana sin nye prost, Kristin Sævik Litlere innsett i tenesta. Ikkje lenge etterpå møtte ho sokneråd, stab og tilsette.

Frå 1.oktober 2017 oppretta bispedømet eit nytt prosti i Bergen, og justerte dermed prostigrenser. Samstundes vart Fusa sokn ført over frå Hardanger – og Voss prosti til Fana prosti. Dette var ein naturleg konsekvens av at dei to sokna Os og Fusa vil enda opp i eit fellesrådsområde frå 01.12.19 i samband med at Bjørnafjorden kommune er ein realitet frå 01.01.2020

ØKONOMI

Det er 2 hovudformaål: kyrkja som offentleg forvaltar og «folkekyrkje. Det offentlege finansierer dette gjennom driftstilskot. (Kommune og stat).

Kyrkjelydsarbeidet er i hovudsak finansiert av kyrkjelyden sjølve.

Inntekter

(Tal i heile 1000 kr)

Os kommune	8 298
Bispedømekontor/staten	2 115
Gåver (trinn III)	1 354
Andre inntekter (brukerbetaling, refusjonar, m.m.)	4 934
SUM INNTEKT	16 701

Utgifter

Løn	8 588
Kjøp varer & tenester	3 953
Andre utg	1 459
SUM Driftsutgifter	14 000
Renter avdrag	1 045
Avsetninger	1 649
Sum utgifter	16 694
Mindreforbruk	7

ØKONOMI

GÅVEREKNESKAP (gjevarteneste og einskildgaver)

	2016	2017
Gjevartenesta for ungd.presten	186 250	176 450
Antall gjevarar	52	48
Kyrkjetunet	5 300	3 900
Antall gjevarar	3	3
Trinn III	224 878	342 008
Antall gjevarar	43	58
Sum gåver	416 428	522 358

Trinn III – utanom fast gjevartenesta

	2016	2017
Gåver	125 500	624 273
Gåver instrument		208 833

Gjennom året har det vore ulike aksjonar for å samle inn midlar til gode formål. Fasteaksjon, Misjonsmesse, Julemesse og Solidaritetsaksjon (KN); samla beløp i overkant av 700-tusen.



Arbeid med born

Skillet mellom det som reknast som trosopplæringstiltak og kontinuerleg arbeid er ikkje alltid like tydeleg for folk flest. Det er viktig å ha eit kontinuerleg arbeid som born kan utvikla seg i.

Søndagsskulearbeidet

Barnesamling ved gudstenester i Os og Nore Neset kyrkje
Kyrkjelydspedagogen har ansvar for organisering og oppfølging av dette arbeidet og vi nyttar opplegget «Sprell levande»

Pga ressurstilgang på leiarar til dette arbeidet måtte vi redusere tal på sundagar med barnesamlingar. På Os er det Reidun Hernes, Ingvild H. Evjedal og Gro Helen Skjælaaen som driv arbeidet. Og på Nore Neset er det Grete Inger Berge, Hildur L. Lillestøl og Tønje Hernes som har barnesamlingane.

Vi har halvårige møter med planlegging, deling av erfaringar og til felles inspirasjon

Det er mykje pågangsmot i dette arbeidet, til tross for lite oppmøte av born. Motivasjonen botnar i at dette er eit viktig arbeide uansett om det er 2 eller 30 born som møter opp.

Vi planla og gjennomførte Søndagsskulens dag 24.september 2017. Det var ei fin oppleving av samarbeid og gjennomføring i søndagsskule-teamet, i både familiegudstenesta og aktivitetane etterpå. Mykje folk og god stemning. Søndagsskulen leigde ut ein tilhengar til oss med mykje kjekt materiell til aktivitetane etterpå.

Vi har gått eit steg vidare og har satt dato for SLUSH-samling i Os hausten 2018, i samarbeid med Jannicke Kjølås Ludvigsen.

SLUSH = Sprell Levande Unge Søndagsskule Hjelpere

Laurdags-Sprell

LørdagsSprell er eit lavterskel barne-og familiearbeid i Nore Neset kyrkje. Dette arbeidet vert leia av Gro Helen Skjælaaen, i samarbeid med Signe Molland og Tone S. Hagevik. Desse 3 deler på å ha ansvaret for samlingane i løpet av året. Vi har ein halvårsplan på ca 6 samlinger.

Samlinga er ein laurdag i månaden, kl 11 – 13.

Samlinga inneheld sangstund, bibelforteljing, leik og formingsaktivitet. Målgruppa er born i alderen 3 – 5/6 år. Vi avsluttar økta med å ete laurdagsgraut saman.



I tillegg til desse to frivillige i leiarteamet, har vi og frivillige på kjøken. Dei varmar graut og lagar klart til måltidet. Både våren og hausten 2017 hadde vi 4 frivillige som fordelte datoane mellom seg,

riktignok ikkje dei same fire kvart semester. No startar vi 2018 med 6 frivillige på kjøkenansvaret.

Det er eit populært tilbod, med ei facebook-gruppe på 84 medlemmer, og stadig nye som melder seg med. Det har lege på rundt 40-50 på kvar samling; nokre gonger 25 og andre gonger 75.

Hausten 2017 fekk vi lov å sende ei av dei frivillige i leiarteamet på Trosopplæringskonferansen i Oslo. Det vart motteke med stor takksemd, og til stor inspirasjon for henne.

Vi opplever at LaurdagsSprell er eit kjærkomment treffpunkt for barnefamilier. Vi informerer ofte inn i babysanggruppene, og det er eit jamnt tilsig av nye «ansikt» på LaurdagsSprell, ofte frå denne gruppa.

Os TweenSing

TweenSing er eit korarbeid for 5.-7.klassingar, i Nore Neset kyrkje. Vi øver i Nore Neset kyrkje kvar tysdag kl 18-19.30. Her syng vi, høyrer ei andakt og et kveldsmat saman. Arbeidet vert drive av Gro Helen B. Skjælaaen og Silje Nora Hindenes.

Koret er for alle 5. – 7.klassingar i Os. I dag er det 2 av medlemmene som kjem i frå Nore Neset, ei frå Lepsøy, og resten med Os som poststad. Noko av grunnen er at Silje og Gro Helen har teke med seg sine barn med tilhøyrande vener inn i koret, og at tilstøyminga skjer med utgptk i desse. Men det seier og noko om at vi må legge litt ekstra trykk ifht PR/kommunikasjonen ut til Nore Neset- tweens.

Antall medlemmer:

Vår 2017: 16 (4 gutar og 12 jenter)

Haust 2017: 13 (2 gutar og 11 jenter)

Dei som kan spele instrument frå før, får tilbod om å spele i band og øver i Musikkbingen på Nore Neset. Våren 2017 spelte 2 av medlemmene i band, og øvde enkelte av samlingane saman med Simon Bjørnevik og Alf Helge Halland i Musikkbingen. Hausten 2017 hadde vi ingen som hadde lyst til dette.

Målet for arbeidet er:

- Å ha eit alternativt tilbod til tweensgruppa i Os, med kristen profil.
- Å leggja til rette for tweens- aktivitet i Nore Neset kyrkje
- Kristent korarbeid for tweensalderen
- Kristent fellesskap
- Trygt fellesskap
- Trusopplæring/dåpsopplæring/andakt
- Leike
- Eit kontinuerlig fellesskap, som tilbod til tweens som kjem på trusopplæringstilboda våre; Pilgrimsvandring, Lys Vaken, Godheit i Sentrum.

Vi ser og opplever at denne aldersgruppa har behov for trygge fellesskap, trygge vaksne og samtale. Vi tek oss ofte tid til berre å snakke saman med dei om kvardagslege tinga som skjer, men og med utgptk i ei bibelforteljng. Vi opplev at det er viktig at dei vert sett og høyrte, og at TweenSing er ein trygg stad å vere.

Vi et kveldsmat saman kvar gong, og det er verdifullt for fellesskapet.

Våren 2017 deltok vi på Storkonsert med «Team Sulebakk» i Grieghallen, song på gudsteneste i Os kyrkje, og avslutta semesteret med ein liten sommarkonsert i Nore Neset kyrkje, med utgangspunkt i Kristus-perlene. Det kom ca 50 stk og høyrde på.

Hausten 2017 deltok vi på Tweenfestival i Åsane, song vi på Julemessa, og sang på julaftan-gudsteneste i Nore Neset kyrkje.

Nytt av året (etter somaren) er at vi no er organisert i KFUK/KFUM, og har nettopp mottatt oppstartstøtte på dette.



Halhjem barneklubb «B-gjengen»

B-gjengen er ein klubb for elevar i 1.-4. klasse. Vi held til på Halhjem barneskule annankvar laurdag kl. 11-12.30, og dette året har det vore om lag 20 barn som har vore faste brukarar av klubben.

Første timen har vi ulike aktivitetar som hobby, mat, leik & spel, av og til fotball, før vi har samling med bibelforteljing og litt song. Til slutt et vi det matgruppa har laga. Dette er veldig kjekt!



Speidarane

ÅRSRAPPORT 2017

Speidargruppa 1. Os KFUK-KFUM har i 2017 hatt opplegg for 3 ulike aldersgrupper, i periodar har vi faktisk vore delt i 4 trinn: Oppdagar (1.-2. klasse), Stifinnar (3.-4. klasse), Vandraraspirant (5. klasse) og Vandrar (6.-10. klasse). Den siste aldersgruppa har eit stort spenn i alder, og det er ei talrik gruppe. Vi har derfor ein del eigne samlingar for dei som er i ungdomsskulealder (førarpatruljegruppa). For tida er det svært få (berre 4 stk) rover-medlemer (over 10. klasse).

Tunet er oftast utgangspunkt for møta, men vi er stadig på farten – så det kan nok henda at vi til tider er lite synlege. Det er eit poeng for oss speidarar å koma oss ut i naturen, og vi legg vekt på å bruka nærmiljøet mykje. Forutan dei vanlege speidarmøta kvar måndag, hadde vi følgjande høgdepunkt i 2017:



- Globalaksjon. Vi samla inn flasker til inntekt for prosjektet som KFUK-KFUM Global støttar i Tanzania.
- St. Georgsdag i Ervikane. Eit familiearrangement der hovudfokus er speidarne sin skytshelgen – St. Georg. Dagen blir feira av speidarar over heile verda. Historia vert brukt som symbol på det godes seier over det vonde. I speidarsamanheng brukar ein St. Georgsdagen til å setje fokus på det kristne verdigrunnlaget vårt. Dei største speidarane kombinerer samlinga med ein overnattingstur i forkant.
- Ein liten speidarleir i Rolvsvåg – kun for speidargruppa i Os. Både små og store speidarar drog på ein felles overnattingstur, og fekk testa ut leiraktivitetar som bading, natursti og leirbål, for ikkje å snakka om teltlivet – som for nokon var første gongen på speidarleir. Også denne gongen kom dei eldste speidarane gåande over fjellet til Rolvsvåg – dei hadde overnatta på

vegen. På sundagen vart leiren avslutta med ein «scouts own» – det vil seie speidarane sin eigen friluftsgudsteneste.

- Bymanøver i Bergen sentrum. Dette er eit stort samarbeid mellom NSF (Norges speiderforbund) og KFUK-KFUM-speiderne. Her møtest mange hundre speidarar frå heile Bergensområdet. Dagen startar med gudsteneste i Johanneskirken, og held fram med ein patruljekonkurranse, der ein løyser oppgåver rundt omkring i Bergen sentrum.
- Kanotur med overnatting til Raudlivatnet. Vi drog med oss full oppakning i kano over vatnet, og fann ein fin teltplass mellom inste og ytste Raudlivatnet. Har vart det gjennomført «kokkekamp», og alle patruljane serverte 3 retters middag som var laga på bål. Kjekt for oss som var jury denne dagen! Sundagen var ein familiedag, der heile resten av speidargruppa (med familiar) kom på besøk. Også denne turen avslutta vi med ei kort friluftsgudsteneste.
- Avslutningshelg i desember, der vi først hadde ein førjulsdag i kyrkjetunet, med påfølgjande speidargudsteneste på sundagen.



Foto: 2 unge speidarar (oppdagarar) på kyrkjeplatnen.

Gjennom Bjørgvin krets har vi tilbod om ei rekke kurs, turar og leirar for dei eldste speidarane, og vi prøver i stor grad å senda ungdomane av garde på desse arrangementa. Eit opplegg som vi alltid prioriterer for ungdomane er PEFF-kursa (Patruljeførarkurs). Dette er ei viktig brikke i leiartreninga i speidaren. Viktige stikkord for speidararbeidet er elles: Kristen tru – fellesskap – personleg utvikling – friluftsliv – samfunnsengasjement.

Vi er 13-14 aktive leiarar, og fleire andre vaksne støttespelarar – totalt 90 medlemmer. Speidargruppa i Os er blant dei største i Bjørgvin krets. For tida har vi så vidt klart å unngå venteliste for å byrje i speidaren (det var venteliste delar av 2017).

Litt frå formålsparagrafen vår:

“I KFUK-KFUM-speiderne ønsker vi å gi våre medlemmer et møte med kristen tro, og bidra til ansvarsbevissthet, selvstendighet, samfunnsmessig engasjement, mellomfolkelig forståelse og respekt for naturens verdi. Vi ønsker å ta på alvor at alle er skapt som hele mennesker, og det skal synes i arbeidet vårt og i verdiene vi formidler.”

UNGDOM

Ungdomsarbeid er rekna frå og med ungdomsskulealder og opp mot 18-20 år. Dei eldste har til vanleg da leiaroppgåver.

Det er tre tiltak som reknast som kontinuerleg arbeid retta mot ungdoms: Klubben (fredagar), Join us ten sing og ULF (ungt leiarforum).

Ungdomsarbeid

Ungdomsarbeidet i 2017 hadde ein del utfordringar med tanke på rekruttering til vidare aktivitet, dette snudde etter at ungdomsrommet vart pussa opp. Tune In har skifta namn tilbake til Klubben.

For at konfirmantane skal få eit tilbod om vidare åndeleg vekst etter konfirmasjon har me tilbod for dei som ynskjer det om å delta på UngdomsAlpha. Her var det i år ingen som meldte seg på. Vidare vart det av trusopplæringstiltak arrangert Natt i tunet med god oppslutnad. Youth Alive vart ikkje arrangert då det ikkje meldte seg nokon til dette tiltaket. Det vart igjen gjort eit forsøk på å få til «på Utskytingsrampa» utan suksess. Trusopplærings tiltaket #MEG vart dette året arrangert til stor glede for alle involverte. Her var det 10 deltakar. Godheitsdagen har blitt døypt om til «godheit i sentrum» og hadde om lag 20 delttakarar.

Dette året vart det ikkje arrangert tur til England. Det jobbast med og få til ein tur i påsken 2018.

Av andre turar vart det arrangert tur til vinterfestivalen på VOSS. Det var ingen organisert tur til Impuls, Get-focused og Oase i regi av kyrkja, men det var likevel folk frå arbeidet som reiste på eige initiativ.

Leiartrening

Dette året har det vore fokus på leiarfostring og i den forbindelse har det blitt danna eit ungdomsleiar fora «ULF» Dette er eit eit fora som samlar ungdom som har styreverv/oppgåver i anten Klubben, Join – Us, Krik eller er med på MILK-kurset. Det har og blitt arrangert MILK-kurs med KFUM/KFUK Bjørgvin krets.

Join Us Ten Sing – eit kor for dei mellom 13 og 19 år. Koret er knytt til KFUK-KFUM.

42 medlemmer, bra oppgang på medlemstalet i forhold til fjoråret. 15 konfirmantar, fleire 13-åringar begynte i haust.

Koret øver onsdag 19-21 i Kyrkjetunet, ei kveld i månaden øver Join Us gruppevis; kor, band, dans, drama, og to gongar i månaden møtes teknikkgruppa til undervisning. Koret deltok på 2 gudstenester i Os kyrkje. Elles øver koret til det årlege vårshowet.

Mange høgdepunkt gjennom året:

- Øvingsfellesskap med Søreide Ten Sing i januar.
- Vinterfestivalen 2017 Voss, kor Join Us i samarbeid med Søreide Ten Sing framførte to låtar.
- Medlemmer frå dansegruppa var også med på scenen på VF Voss.
- Ungdomsfestival i Oseana i mai månad og deltok med to låtar.
- **Sommarshowet den 17. juni i den nye Storsalen, med 120 som publikum.**
- 40-årsjubileum den 30. september, med 140 deltakarar i 'alle' aldrar.
- Sosial bli-kjend-weekend i Eikelandsosen bedehus og
- Nattcup i Haukelandshallen, regi av KFUK-KFUM var også populært.



Dansegruppa og dramagruppa framførte eigne produksjonar ved sommarshowet. Koret og solistar frå song-gruppa framførte mange songar akk. av orkesteret. Teknikk-gruppa leverte lyd og lys, og gjorde ein kjempejobb, både på sommarshowet og 40-årsjubileumet.

40-årsjubileet vart ein flott markering og ein dugnad av tidlegare og noverande medlemmer, til stor glede for alle som var med og feira.

Styret gjekk inn for at koret skal ha eins t-skjorter, og stemte fram blant forslag til logo og T-skjorte.

To jenter, Miriam Larsen og Emma Nicolaysen, har delteke på Minileiarkurs (MILK) i KFUK-KFUM.

Sanne Moesgård, styreleder og dirigent, Anita Haugland Berge, musikalsk vegleiar og Inger-Johanne Haugland, vaksenleiar,



Join Us ten sing

19

Trosopplæring

Os sokn har ein plan for trosopplæringstiltak frå 0-18 år. Oppslutning om dei ulike tiltaka varierer; litt frå år til år, men det er særleg tiltak retta mot ungdom etter konfirmasjonsalder vi får lite respons/deltaking frå.

Målsetjing (strategiplan for Os sokn):

Skapa eit systematisk og samanhengande barne- og ungdomsarbeid som utviklar og styrkjer trua hos barn og ungdom, uansett funksjonsnivå. Gjennom dette fremja medvit om kristen etikk, solidaritet og nestekjærleik.



Oversyn tiltak:

1. Dåpsførebuing
2. Dåpshelsing til 1-åringar (spisebrikke)
3. Dåpshelsing til 2-åringar (CD)
4. Adventsamling med utdeling av adventsbok-kalender til 3-åringar
5. Utdeling av 4-årsbok
6. Påskevandring
7. Utdeling av 6-årsboka
8. «Heilt førsteklasses»
9. Skapingsdagane
10. Tårnagent
11. Pinsevandring på Pilgrimsvis
12. Lys Vaken
13. Godheit i Sentrum
14. Konfirmantarbeid:
 - a. Gruppeopplegg (7 ulike tilbod)
Avslutta gruppe: Båt og Sjøliv
Nye grupper: Nettprat (samtaler uti frå tema i Nettkonfirmant)
 - b. Undervisningssamvær: Fem temasamlingar i år, fortsatt sjølvstudie som «Nettkonfirmant» (for alle),ei PULShelg
 - c. Foreldrekontakt *haust*: Fyrste gruppesamling for både konfirmantar og foreldre. *Vår*: foreldremiddag med info
15. Alphakurs for ungdom
16. Youth Alive (leir)

Innarbeidde tiltak:

Dåpsførebuing

Det er dåpsførebuing ein vekedag i forkant av gudstenester med dåp. Førebuinga har vore leia av den presten som skal ha gudstenesta.

Dåpshelsing til 1- og 2- åringar

Utsending av 168 spisebrikke og 180 CD`ar til eitt - og to-åringar. Saman med gåva fekk dei med brev og helsing; kvartalsvise utsendingar. Vi har 9 frivillige som tek ansvar for kvar sin krins (8 krinsar utifrå postnummer). Denne ordninga er evaluert, og det er positivt både for dei som kjører ut, og dei som blir møtt heime med ei fin overrasking. Vi har 2 tiltaksfadrar som pakkar dåpshelsingane til utsending.

Utdeling av adventsbok-kalender til 3-åringar

Laurdagssamling kl. 12.00 - 14.00 med: måltid (graut), hobby (adventsstjerne), bibelforteljing(vismennene og stjerna) og utdeling av boka. Vel 30 barn (18 % av medlemmene i årskullet) deltok dette året, og 8 frivillige deltok.

Utdeling av 4-årsbok 63 barn deltok (30 % av medlemmene i årskullet)

Dette inneber tilbod om to samlingar for kvar 4-åring;

Undretur («bli kjent i kyrkja»-samling) og ei gudsteneste med utdeling av 4-årsbok. Det er fem slike opplegg kvart år, to i Nore Neset kyrkje og tre i Os kyrkje. Kyrkjelydsarbeidar Hege Varhaug-Lekven har vore hovudansvarleg, kateket har hatt ansvar for samlingane på Nore Neset. Dei gjennomfører dette saman med prest og organist som har ansvar for gudstenesta. Fleire frivillige tek del både på Undretur og gudsteneste, og vi har to tiltaksfadrar for dette tiltaket.

Påskevandring 32 born deltok (18 % av medlemmene i årskullet)

Tiltaket er for 5 åringar. Dette er eit tiltak, med ide frå England «Experience Easter».

Kyrkjerommet vert innreda som en reise gjennom påskehistoria. Sjå, gjer og lær.

Gudstjenster og barnehage fekk nytta dei fine kulissane. 32 barn deltok. 3 ansatte, 6 frivillige.

Utdeling av 6-årsbok

Skulestartmarkering for alle 6-åringar i begge kyrkjene med utdeling av 6-årsboka. 35 barn (16 % av medlemmene i årskullet) fekk utdelt bok. 2 større barn deltok med dramatisering og som forsangergruppe. 2 voksne frivillige deltok med registrering og utdeling. Trusopplærar Hege Varhaug-Lekven var hovudansvarleg for planlegging og gjennomføring, saman med prest og organist gjennomførte dei begge gudstenestene.

«Heilt førsteklases»

7-åringane inviterte til 5 ettermiddagssamlingar på våren. Kvar samling varer 1,5 time, og inneheld bibelforteljing, formingsaktivitet og mat. Trusopplærar planla og gjennomførte tiltaket saman med frivillige medarbeidarar. Fleire foreldre deltok i praktiske oppgaver undervegs.

20 born deltok i tiltaket (9 % av medlemmene i årskullet).

Skapingsdagane 66 born deltok (15 % av medlemmene i årskullene).

Alle 7- og 8-åringane vart invitert til 3 dagar (kl 9-15), - første veka i skuleferien, - med skaping saman med kunstnarar innan keramikk, dans, trommer, foto og måling. Vi starta og avslutta kvar dag i kyrkja med andakt og bønn. Veka vart avslutta med gudsteneste der borna deltok med tromme, dans og drama/song.

Medarbeidarar: 6 Tiltaksfadrar, 5 frå stab + 6 kunstnarar. I tillegg foreldre, besteforeldre; og ikkje minst nokre ungdomar som aktivitetsleiarar i pausar.

Tårnagenter 43 barn deltok. (22 % av medlemmene i årskullet)

Eit nasjonalt opplegg, med innspel frå andre lokale varianter. Barna lærer og være gode agenter. Dei får nytte utstyr som forstørrelses glas, fingeravtrykk, tur og informasjon om tårnet og kiminga. Politiet kom på besøk og støtta oss i arbeidet med og støtte gode agenter i samfunnet. Dei fekk og testa seg på fingeravtrykk.

Laurdag mellom 14-19 og sterk Tårnagent profil på gudstjenesta på søndagen. Tre tiltaksfadrar var med, og mange gode foreldre igjen, som hadde små og store oppgaver. Hege Varhaug-Lekven og Gro Helen Skjælaaen hadde hovedansvaret i samarbeid med

prest.

Pinsevandring på Pilgrimsvis 10 barn deltok. (5 % av medlemmene i årskullet). Tiltaket er lagt opp til ruinene ved Lysekloster og i stien bak. Speideren har vore med og utarbeid tiltaket og deltar aktivt denne dagen. Det var søndag 3 timer. 3 frå stab, 8 speidere og 3 vaksne frivillige.

Lys Vaken 34 born deltok (17 % av medlemmene i årskullet). Aktuelle born vert invitert til den kyrkjekrinsen dei naturleg tilhøyrer. 17 barn deltok på Nore Neset og 17 barn på Os. Hege Varhaug-Lekven hadde hovedansvaret i Os Hildur Løkken Lillestøl hadde hovdansvar i Nore Neset. Elles frå stab; organist Ruth Solveig Bergane begge stader, 2 prester og kateket. Vi har 2 Tiltaksfadrar som igjen deltok på kvar sin stad. Nokre foreldre deltok med praktiske oppgåver. Gudstenesta fungerte godt i samarbeid mellom alle som deltok, og Lys Vaken barna deltar aktivt her.

Godheit i Sentrum 6 born deltok. (3 % av medlemmene i årskullet). Alle døypte og tilhøyrande 6.klassingar fekk invitasjon i posten. I år hadde vi forenkla opplegget for dette tiltaket og skifta namn frå «Godhetsdagen» til «Godheit i Sentrum». Vi satsa på undervisning om diakoni og nestekjærleik. Praktiske førebuingar som bollebaking og pynting av handleposer (i papir). Avslutta med å gå ut i sentrum og servere boller og små tenester.

#MEG 11 born deltok

Tiltak for 13-åringar (7.kl.). Vi gjennomførte dette tiltaket for fyrste gong i 2017. (I 2016 var det ingen som meldte seg.) Opplegget var revidert og forenkla til 2017.

Tema er: Identitet, Sjølvbilde og Kropp

Gjennom leik, undervisningsbolk og refleksjonsaktivitet vert dette belyst i tre bolker. Desse tre bibeltekstene vert knytt til kvar si bolke:

Identitet	1.mos.1,27	<i>Så skapte gud mennesket i sitt bildet</i>
Sjølvbilde	Jes.49,13	<i>Eg har teikna deg i mine hender</i>
Kropp	Salme 139,13-14+18	<i>Gud har skapt meg, tankane mine, følelsane og kroppen min</i>

Vi har og eit godt måltid. Kvar ungdom vert fotografert av Knut Inge Johnsen. Dei får eit innramma portrett med ein av desse tekstene påtrykt.



Tiltaka for 16,17 og 18 åringar vart ikkje gjennomførte

Det var ikkje påmeldte nok til at dette kunne gjennomførast. Vi vil tenkje gjennom desse tiltaka på nytt og finne nye måtar å nå desse aldersgruppene på. Det bør og vurderast om vi kan innby nokre eller alle desse gruppene til eit og same tiltak.

Konfirmantarbeid

a: Gruppene frå vår 2017 ,154 konfirmantar (80 % av medlemmene i årskullet)

Join Us – Ten Sing (Inger Johanne Haugland, 9 stk.)

KRIK eXplore (Gro Helen Skjælaaen, 18 stk.)

KRIK Golf (Roar H. Evjedal, 18 stk.)

KonfCamp (Lars Joar Hilleren 55 stk.)

Konf;Tune In (=KlubbCrew) (Lars Joar Hilleren 17 stk.)

Trosopplæring

SamanFORandre (Jannike Gangstø Rogne 16 stk.)
Nettprat-gruppa (Hildur Løkken Lillestøl 21 stk.)

b: Vidareføring av konfirmantplan med fokus på relasjonsbygging

Vi har vidareført ordninga for konfirmantane med aktivitetsgrupper. Desse gruppene har litt undervisning i gruppene. Det fungerer greitt men kan styrkast. Eit av måla med dette var å knyta relasjonar med konfirmantane og gjera dei tryggare i det kyrkjelige fellesskapet. Her er vi komne eit stykke på veg, men har framleis ein jobb å gjera. Vi ynskjer å arbeida for å knyta konfirmantane opp mot det fungerande ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

c: Gudstenesteverkstad

Gudstenesteverkstaden er innlemma i PULShelga, der konfirmantane førebur sine oppgåver gruppevis (ministrantoppgåver, bønnevandring, forsongargruppe) slik deltek dei aktivt på gudstenesta som er knytt til denne helga. Dette opplever vi som viktig og positivt for konfirmantane og kyrkjelyden.

d: Gruppene frå haust 2017. Totalt 168 konfirmantar (86 % av medlemmene i årskullet)

Join Us – Ten Sing (Inger Johanne Haugland, 15 stk.)
KRIK eXplore (Gro Helen Skjælaaen, 16 stk.)
KRIK Golf (Roar H. Evjedal, 18 stk.)
KonfCamp (Hildur Løkken Lillestøl 67 stk.)
K;Klubb (=KlubbCrew) (Lars Joar Hilleren 21 stk.)
SamanFORandre (Ingrid Vik 16 stk.)

e: Konfirmantarbeidet: I haust starta vi med 170 konfirmantar

Oppstart med « Kick Off» på kyrkjeflaten for alle konfirmantane. Konfirmantteamet (alle tilsette som jobber md konfirmantar) og ein flott gruppe ungdommar frå Join Us samarbeide om arrangementet.

Vi starta gruppesamlingane med bli-kjent-opplegg for konfirmanter og infodel for føresette..

NettPrat-gruppa fekk ikkje nok påmeldte

Opplegget med stasjons-undervisning har vi gjennomført på alle undervisningssamvær heile dette året.

PULS-helgene har undervisning utifrå same tema som før. Vi har slått saman Bøn og Lovsong og rydda plass for ei undervisningsøkt om Diakoni. Bolken med gudstenesteverkstad har vi fortsett med. Konfirmantane førebur då konkrete oppgåver til gudstenesta.

KRIkexplore har 18 konfirmantar. Ansvarleg for gruppa: Gro Helen B. Skjælaaen saman med to frivillige; Sigurd Kalvenes og Ole Kristian Kopperud. Aktivitetar hausten 2016; Bli

kjent-gruppesamling, tur til Koloniane (bål og postleik) og klatreveggen i Nore Neset idrettshall, og adventssamling. Våren 2017: Vi har allereie vore på skøyter på Slåtthaug, og planar vidare er: aketur til Svartavatnet, Paintball på Lunde og overnatting på fyr på Bømlo.

Evaluering av konfirmantopplegget:

Vi har ein flott gjeng med konfirmantar! Vi ser positivt på at så mange konfirmantar har valt leirtilbodet *KonfCamp*. Vi vil fortsatt arbeida for at alle konfirmantar får med seg ei leiroppleving i løpet av konfirmanttida.

Nettkonfirmantopplegget har vi fortsett med for alle konfirmantane våre. Dette er eit sjølvstudium for konfirmantane. Kvar konfirmant får tildelt sin nettkontakt som gjev råd i høve til å løyse oppgåvene i 7 tema, og dei godkjenner svara for kvart tema. Vi har 15 nettkontaktar som har ansvar for mellom 5-25 konfirmantar. Vi trur det er tid for å tenke nytt om konfirmantopplegget vårt. Dette vil vi arbeide med i 2018.

Når det gjeld medarbeidarar i konfirmantarbeidet ville det vera svært positivt om vi fekk med mange frivillige leiarar i gruppene, på turar og i undervisninga. Det er mange flotte ressursar i kyrkjelyden som kan tilføra konfirmantane kunnskap og godt fellesskap.

Trusopplæringsutvalet

Medlemmer i Trusopplæringsutvalet (TOU) er:

Edle Svendsen Lunde, Kay Even Hægland, Ingrid E Halland, Steinar Haugland, Roar Hallesby Evjedal, Hege Varhaug-Lekven og Hildur Løkken Lillestøl

Arbeidet TOU har hatt 6 møter i 2017. Fokus på:

Oppfølging av trusopplæringstiltaka. Korleis invitere frivillege med i dette arbeidet?

Fire tilsette deltok på Trusopplæringskonferansen på Gardemoen + 1 frivillig. .4 tilsette og ein frivillig. Inspirerende og lærande å vere med på.

To av trusopplæringstiltaka vart omarbeidd:

- #MEG - for 13 åringar vart gjennomført for fyrste gong.
- « Godheit i Sentrum»- for12-åringar er forenkla og gjort meir konkret. Mål å spreie godheit i Os sentrum denne dagen, og at Godheit vert sentrum for forkynning og praktiske oppgåver for 12 åringange.

Medhjelparar:

Foreldre hjelper til med praktiske oppgåver i mange av tiltaka. Kjekt å sjå at tiltaksfadrar trivast med oppgåvene. Vi må fortsatt utvikle eit godt opplegg for å invitere og inkludere ressursar i foreldregruppa, konfirmantgruppa og kyrkjelyden generelt. Oppgåvene er mange og varierte og målet må være at dei som vil vere med kan finne sin plass.

Samarbeidande organisasjonar

Os kommune

Det er samarbeid med kommunen på fleire område.

Samarbeid med Frivillig-sentralen om opplegg for konfirmantgruppe med diakonal profil har vore positivt og godt. Dette samarbeidet har utvikla seg positivt i år og.

Samarbeid skule/kyrkje for 4.- 6. klassetrinn:

- 4. klasse kyrkjebesøk med tema kyrkjebygget, kyrkjerommet og orgelet
v/ kateket, organist og kyrkjetenar
- 5. klasse skulebesøk med tema Bibelen, utdeling av bibel til alle
v/kateket
- 6. klasse kyrkjebesøk med tema Kyrkjemusikk og kyrkjearkitektur
v/kateket og organist

Alle barnehagane og skulane inviterte til eigne adventsgudstenester; Det var eigne barnehagegudstenester på bedehusa i Søre Øyane og på Søfteland, og i Galleriet på Halhjem. Os barneskule har tradisjon for gudsteneste før påske; ikkje i adventtida. Totalt 13 barnehagegudstenester og 15 skulegudstenester



Diakoni

Os kyrkjelyd fekk utvida diakonstillinga til 100 % frå 1/1-17. Jannike G. Rogne var i stillinga fram til sommaren. Diakon Ingrid Vik starta opp i stillinga i august.

Med auka stillingsressurs vart det og auka mengd tiltak. Vi nemner: Internasjonal diakoni; lokalt og globalt. Oppdatering og prioritering av diakoniplan. Kartlegging av ressursar og behov. Evaluering av arbeidet.

Den frivillige innsatsen har vært stor gjennom året og diakonien har blitt synleggjort i kyrkjebladet og i lokalavisa. Meir enn hundre frivillige har vært i sving i året som har gått med fasteaksjon, språkkafe, TV aksjon, solidaritetskonsert/innsamling for Kirkens nødhjelp i romjula, konfirmantgruppa «Saman FOR andre» og elevar frå innsats for andre for å nemne noko.

Diakoniutvalet

Diakoniutvalet har halde fem møter i 2017. Utvalet har hatt gjennomgang av diakoniplanen og vurdert enkelt tiltak som det er behov for å arbeida meir med. Det har og vært arbeidd med mandat for diakoniutvalet, språkkafeen frå etableringsfase til permanent drift i samarbeid med ulike samarbeidspartnarar samt andre relevante saker. Medlemmene i utvalet er Ragnhild Sognes Haugland, Haldis Wenche Omdahl, Anne Kårstad Wivegh, Knut Inge Johnsen og diakon.

Kyrkjemusikk

Musikklivet i Os er rikt og variert, både det som er direkte knytt til kyrkjelyden, men og frå dei mange ulike kor og orkestre/ensembler som bidreg inn i kyrkjelyden.

Musikkutvalet

Utvalet er delt i to undergrupper: Gudstenestegruppa og konsertgruppa. Gudstenestegruppa har ansvar for å samordne kontakten med musikkressursar i og utanfor kyrkjelyden. Dei har som målsetting at kvar gudsteneste skal ha eit musikalsk innslag i tillegg til orgelmusikken. Dette er ein vinn-vinn situasjon der kulturaktørane får høve til å opptre for eit lydhørt publikum, kyrkjelyden får musikkopplevingar og meir varierte gudstenester og kyrkja styrker rolla si i lokalsamfunnet. Det vert heile tida jobba med det som mål at alt som skjer i gudstenestene er integrert i ein heilskap, slik at musikkinnslag ikkje vert små konsertar. Kvar 8.- 10. veke møtest gruppa for å planleggje musikkinnslag for kvar gudsteneste. Medlemmene i gudstenestegruppa er Grethe Inger Berge, Norvald Kobbeltvedt og kantor. Dei frivillige som har delteke er: Kyriakè, kyrkjekoret, Last minute-koret, Fonos, Os vocalis, Os musikkforening, Os mannskor, Gladsangere, Join Us, Sofie Haukås, GTONO trio (Grethe Inger Berge, Toril Myklebust Lie og Norvald Kobbeltvedt), Grethe Inger Berge, Øyvind Gjerde, Martin Herfjord, Helge Haukås, Gro Helen og Torgeir Skjælaaen, Oddgeir Bjelland, Tonje Hernes, Knut Inge Johnsen, Sanne Moesgaard, Øyvind Vedvik, Thea Haugen, Tone Lise Moberg, Vibeke Nordtveit, Ragnild Kristine Midtbø, Heidi Bråthen Johannessen, Silje Kuven Odland, Linn Kjerstin Rondestveit, lovsongbandet, Tweens og elevlar frå Kongshaug, leia av Frode Jakobsen.

Konsertgruppa har ansvar for å arrangere konsertane under nemninga "Musikk i kyrkja". Tanken med dette arbeidet er å samordne og synleggjere det rike konsertlivet i kyrkjene, mellom anna med opptrykt semesterprogram. Ei anna målsetting er å lyfte fram unge talent og gje lokale utøvarar høve til å opptre. Gruppa tilbyr marknadsføring og arrangørhjelp til dei som vil halde konsertar. Konsertgruppa møtest 1-2 gonger per semester. Medlemmene i konsertgruppa er Knut Vidar Garlid, Øyvind Vedvik og kantor. Konsertar i 2017 under "Musikk i kyrkja": 23. april (Marius Neset og Daniel Herskedal) og 1. desember (flygelkonsert i Storsalen).

Andre konsertar

Det har vore ca. 26 konsertar i kyrkjene. Det er litt meir enn i fjor, og berre 12 av konsertane var rein utleige til eksterne aktørar. Lokale lag stod for 12 av konsertane, medan kyrkjelyden sjølv hadde hand om 14 arrangement. Nore Neset kyrkje er framleis ein viktig arena for konsertar og kulturkveldar. Desse tala syner kor stor rolle musikken spelar i kyrkjelyden og at kyrkja er ein naturleg samarbeidspartnar for det lokale musikklivet i Os.

Vaksenarbeid – Kor

Os kyrkjekor held fram som kyrkjelyden sitt gudstenestekor, leidd av kantor. Dei syng 3-4 gonger per semester. I tillegg er det to forsongargrupper som leier salmesongen, spesielt for dåpsgudstenester. Last minute-koret syng 1 - 2 gonger per semester. Med ei friare stilling innanfor kyrkjelyden har vi Kyriakè, leida av Grethe Inger Berge og Fonos, leida av Stine Kobbeltvedt. Kyriake syng på 2-3 gudstenester årleg. Fonos syng til vanleg 1 gong per år. Join Us syng på fleire gudstenester i løpet av semesteret, og dei har jo også sin eigen konsert på våren.

Tusen takk til alle som bidrar musikalsk til gudstenesteliv.

I september slutta fleire frå kyrkjekoret og no er det berre 9 i koret. Vi fortset med øving og rekruttering. Er det mogleg å finne ei løysing?

Ressursar

I juli slutta Anita Haugland Berge som organist. Linda Haugland, Ruth Solveig Bergane og Steinar Christensen har vore vikarar, men vi treng sårt ein ny organist. Det er også mange andre frå kyrkjelyden som er aktive på musikksida og som spelar og syng på dåpsgudstenester, bandgudstenester, familiegudstenester, høgmesser, osv. Elevar frå Kongshaug musikkgymnas deltek jamt. Det same gjer songarar, muskarar og lag frå musikklivet i Os.

Etter at pianoteknikaren var her, er pianoane i kyrkjene i god tilstand. Piano i Spegelen og Glass-salen er ikkje verdt å reparere. Etter råd frå pianoteknikaren er det best å erstatte dei med elpiano. I desember innvigde kyrkjelyden eit nytt flygel i Storsalen. Flygelet er eit flott instrument laga av Yamaha. Vegard Hodneland tok initiativ til ei målretta innsamling; - og takk til han og alle gode gjevarar.

Orgelet i Os kyrkje er 60 år gammalt og begynner å vise aldersteikn. Det skal gjerast ei vurdering av orgel fram mot 150-års jubileum for Os kyrkje.

Det er to hovudproblem: 1. Gamle kontaktar/ledning frå pulten; og 2. Plassering av piper heilt bak i orgelkammeret som hindrar at lyden kjem ut i kyrkjerommet.

Orgelet i Nore Neset kyrkje er i god stand.

Frivillig/uløna medarbeidarar

Kyrkjelyden er ein fellesskap både for tru, utøving av tru og deltaking i ulike tenester. Nokre har som oppgåve å ha jobb i kyrkja, medan andre nyttar deler av tida si på ulike tenster for kyrkjefelleskapen.

Det er mange som gjer ein fantastisk jobb som frivillig medarbeidar fordelt innanfor dei mange ulike aktivitetane som vert drive i kyrkjelyden. Her er alt frå trusopplæringsarbeid med opplegg for kvart alderstrinn frå 1-18 år. Barne- og familiararbeid, Ungdomsarbeid med konfirmasjonsopplegg, Språk-kafêen, Eldretreff, Koinonia ,julemessa, som på ulike vis mobiliserer breidda i kyrkjelyden, og fleire andre tiltak og 'happeningar'. Mange står i fleire typar oppgåver.

Talet på dei frivillige er høgt, over 230 personar med dei som driv barne- og ungdomsarbeid i distrikta, i tillegg kjem våre samarbeidspartar; frivillige i Flyktingetenesta i Os, Norsk Folkehjelp, Os Sanitetsforening, Os Frivilligsentral og kreftkoordinator i Os Kommune.

Dei frivillige i gudstenesta er kyrkjevertar og dåpsvertar, tekstlesarar, nattverdsmedhjelparar, kalkvaskarar, barnesamlings-lærarar og kyrkjekaffivertar. Forsongarar bidreg til god og fyldig salmesong og lovsongsteamet stiller på mange gudstenester. I tillegg bidreg andre enkeltvis og saman. Søndagssamling for psykisk utviklingshemma er også ei oppgåve som er særst viktig.

Alle desse viktige oppgåvene gjev også mykje glede tilbake til dei som står i arbeidet!

Gudstenesta kan vel seiast å vere navet i kyrkjelyds-livet, og eit lite djupdykk i tala på frivillige medhjelparar her kan fortelje at det i 2017 var bevegelse i tala på frivillige medhjelparar på Os. Då den nye kyrkelova tredde i kraft midtsommars, var det mange som takka for seg som frivillig medarbeidar. Mange vart og verande. Mange tok på seg fleire typar oppgåver for at 'hjula skal gå rundt', og enkelte hadde i løpet av året, teneste fleire gonger enn dei var vande med å ha.

Roller Os	Tal 2016	Tal 2017
Kyrkjevertar	32	26
Kyrkjekaffi	12	17 (minus 1 og 6 nye)
Tekstlesarar	10	9
Kalkvaskarar	2	9
Forsongarar	12	12
Lovsongsteam	10	10

Søndagssamling	20	20
----------------	----	----

Roller Nore Neset	Tal 2016	Tal 2017
Kyrkjevertar	8	8
Tekstlesarar	5	5
Kyrkjekaffivertar	4	4
Bakar til kyrkjekaffi	4	4

Ved Nore Neset er det 18 frivillige i forbindelse med gudstenestene. I tillegg til kyrkjevertar, tekstlesarar, kyrkjekaffivertar og dei som bakar til kyrkjekaffien har vi dei som bidreg musikalsk. Alle er like viktige! Tala på Nore Neset har vore jamne heile året.

Tekstlesarkurs i september vart avlyst grunna få påmeldte. Det var også lagt til rette for eit kurs for barn og unge, men det var ikkje interesse for dette i år.

Minnesamvær i 2017 kom i gang først i april, etter ombyggingsperioden.

Det vart halde 10 minnesamvær med til saman 683 gjestar, mot 620 året før

Catering-teamet har hatt 24 frivillige, av desse har 21 gjort 46 dagsverk, mot 39 dagsverk året før.

3 har vore med 4 gonger, 3 har vore med 3 gonger, 8 har vore med 2 gonger, 9 har vore med 1 gang, og 3 frå staben.

Eitt samvær med 100 gjester måtte vi seie nei til, på grunn av at vi ikkje hadde frivillige medhjelparar.

Frivilligfesten vart halden i mars for alle frivillige. Staben hadde ansvaret for festen og spelte på mange av talenta sine i underhaldninga. Nær 90 møtte i då nye storsalen til god mat og drikke, og stemninga var god.

STRIKK FOR TUNET

Ei gruppe engasjerte damer med Randi Drange i spissen, tok våren 2017 initiativ til ein «strikek-kafé» der målet var å lage gevinster/varer for ein basar el liknande for å skaffe midlar til nedbetaling av lånejelda til Tunet.

Gruppa har vekentlege samlingar (onsdagar) og la til rette for ei storsatsing med basar og kunstutstilling i februar 2018. Oppmøte har variert litt, men oftast mellom 10 og 20 personar.

MISJONSARBEID

Os fellesforeining av Det Norske Misjonsselskap har eit aktivt foreningsarbeid i kyrkjelyden. Fellesforeininga består av fem foreiningar :Osøyro Kvinneforeining, Osøyro Mannsgruppe, Søre Neset misjonsforeining, Misjonskontakten og Den lille hjelper. Foreiningane samlast til møte med

fokus på misjon, og samlar inn penger til NMS sitt verdsvide arbeid. Fellesforeininga inviterer til opne arrangement:

Årsfest , Misjonsstevne på Kristi himmelfartsdag saman med kyrkjelyden. Misjonsmessa i oktober og Adventsmøte i desember. Nokre år har vi og arrangert Leirdag for born saman med kyrkjelyden og NMSU. Det norske Misjonsselskap har samarbeidsavtale med kyrkjelyden om arbeid i England og Estland.

NMS har og gjenbruksbutikk i Os der fokus er miljø, møteplass og misjon. Butikken er knytt til NMS sentralt og har eige styre.

Gjennom NMS sitt arbeid er vi med på å utrydde fattigdom, bekjempe urettferdighet og dele trua på Jesus.

OYMC

Os Y's Men Club (OYMC) er ein tenesteklubb i Os for vaksne menn. Klubben, som vart starta i 1987 er del av den internasjonale Y's Men-rørsla som arbeider for og støttar internasjonale hjelpeprosjekt og lokalt kristent arbeid for barn og unge. Dette ser ein både gjennom økonomiske tildelingar og gjennom praktisk dugnad. I 2017 kunne OYMC feire sitt 30 års jubileum. Vi er no 34 medlemmer og samlast om lag ein gong i månaden. Dei fleste møta er i Tunet, der vi har ein- eller fleire personar som tek for seg eit emne. Felles måltid, song, musikk, lyrikk og kveldstankar høyrer med. Vi vitjar også ulike verksemder ein gong i året.

I 2017 har OYMC gjeve støtte til Join Us Tensing med kr. 25000,- som vart brukt til kjøp av teknisk utstyr. Vidare har klubben gjeve kr. 100 000,- til Tunet, til kjøp av stolar i den nye salen. I mange år har OYMC medverka under Julemessa siste helga i november, der klubben har bidrege med 2 syklar til det tradisjonelle lotteriet. I tillegg har vi m.a. delteke praktisk med gjennomføring av åresal og med mange gevinstar til dette.

Inntekta til OYMC kjem gjennom ulike praktiske oppgåver, i hovudsak frå omdeling av Kyrkjebladet som vert lagt ut i alle postkassar i Os.

JULEMESSA

Julemesse til inntekt for barne- og ungdomsarbeidet har ein lang tradisjon frå 1960-talet. Initiert av mødreklubbane som hadde dette oppdraget i ca 40 år. Dei seinare åra har soknerådet vore ansvarleg

Målsettinga med julemessa er 2-delt. Lage ei stor mønstring der heile kyrkjelyden kan samlast og gle seg og vere med å støtte opp om barne- og ungdomsarbeidet, - og arbeidet elles i kyrkjelyden. Og like viktig denne dagen; samle inn pengar som kan gje handlingsrom og støtte til barne- og ungdomsarbeidet.

Det store Tunet har opna for eit større og meir mangfaldig arrangement der store deler av kyrkjelyden og fekk høve til å presentere sine arbeidsfelt (misjonsarbeid, Y's men, m.m.), men og det tradisjonelle julemessekonseptet med sal av varer, utlodning og basar, matservering og underhaldning.

Særleg positivt at fleire av barne- og ungdomsaktivitetane var aktivt tilstades og hadde stands og aktivitetar. Det var eit hyggeleg kaos av nøgde folk som inntok nær sagt alle rom i Tunet denne dagen.

Samla overskot var nær 160-tusen. Halvparten vert fordelt etter søknad til ulike lag/grupper innan barne- og ungdomsarbeidet, medan resten vert nytta til ulike fellestiltak for born- og unge.

Gjennomføringa forutsetter stor innsats frå mange frivillige. Soknerådet er den formelle arrangør.



Mediearbeid

I eit samfunn der «alle» kjemper om merksemd og vil nå fram med sin budskap, er det viktig å finne gode måter å nå fram til folk.

Kyrkjebladet når fram til alle heimer i Os og kjem ut med 4 blad/år. Ulike tilbakemeldingar stadfestar at bladet vert generelt godt tatt imot og mykje vert lest.

WEB: Os sokn har web-sida kyrkja.no/os der vi kunngjer ulike arrangement og informerer om ulike spørsmål og ordningar.

Facebook: (Os kyrkje). Her leggjast ut aktuelle arrangement/samlingar. Oftast delast oppsett frå vår web-side.

Annonsering gudstenester og ulike samlingar vert tilvanleg kunngjort gjennom lysingar i lokalavis. Nokre samlingar er supplert med omtale på redaksjonell plass.

Det er og gjort avtale om kunngjøring på Midtsiden.no for ulike arrangement under «kva skjer i Os»

«**Profil-element**». Soknerådet har fått utforma nye profiler til ulike publikasjonar; denne sida er døme på det. Idéen er at vi skal ha ein felles profil på alle våre trykksaker/publikasjonar å vere lett gjenkjenneleg for publikum.



Bjørnafjorden kyrkjelege fellestråd

Som ein konsekvens av at Os og Fusa kommunar skal slåast saman frå 1/1-2020, skal kyrkjene i den nye kommunen ha eit kyrkjeleg fellestråd.

Følg www.kyrkja.no/bjornafjorden for oppdatering i prosessen

Både Os og Fusa kommunar har eit-sokns kommunar og da har soknerådet og funksjon som fellestråd (arbeidsgjevar, økonomi og forvaltingsorgan for bygg og gravplassar). I Bjørnafjorden kommune vert det 2 sokn (Os og Fusa sokneråd vil halde fram som sokneråd for h.h.v. Os og Fusa kyrkjelyd), og det må etablerast kyrkjeleg fellestråd som har forvaltings- og arbeidsgjevaransvaret for den kyrkjelege verksemda.

Det er sett ned ei kyrkjeleg fellestemnd som skal førebu dette og gjennomgå og tilpasse alt frå arbeidsavtaler, personareglement, økonomisystem, osv.

Frå Os sokn er desse med i Fellestemnda: Anna-Turid Bjørnevik og Arne Tveit. Tilsettepr.: Monica Refsdahl. Frå den kommunale fellestemnda er Marie Bruarøy med og Bjørgvin biskop har oppnemnd prost Kristin Sævik Litleré til nemnda.

Kyrkjeverje Harald Geir Sæther (Fusa) er prosjektleiar og jobber tett med kyrkjeverja i Os med saksførebuing og andre prosessar fram mot samanslåing. Det er bestemt at når kyrkjeverje Gerhard Hansen går av med pensjon, skal stillinga lysast ut som kyrkjeverje i Bjørnafjordenkyrkjelege fellestråd.

Samarbeidsparter

Kyrkja i Os samarbeider med mange lag, kor og orkester, men og andre institusjonar. Nokre samarbeid er prosjektretta, medan andre er formelle i ulike nivå.

Os kommune er største og næraste samarbeidspart. Det gjeld økonomi, men og nær ulike avdelingar og einingar (skular, barnehagar, kulturavdeling, prosjektavdeling, m.m.).

Nøtteliten barnehage. Barnehagen er organisert som ei stifting og Os sokneråd oppnemner 2 av 4 styremedlemmer. Nøtteliten barnehage er einaste barnehage i Os med utvida kristen målsetting. Barnehagen har nær 100 born og i overkant av 20 årsverk. Dagleg leiar er Ingvild Chyba.

Ulike kor nytter kyrkjene våre til konsertar, men deltek og tidvis ved ulike gudstenester el andre arrangement. Os musikkforening og Os mannskor må særleg nemnast da desse bidrag trufast på viktige gudstenester som 1. juledag og 17. mai.

Open barnehage Bjørgvin KFUK/M driv den opne barnehagen i Tunet kvar onsdag. Barnehagen følgjer «skuleruta» og er eit tilbod som mange nyttar i dei første leveåra til borna. I 2017 var 115 born registrert som brukarar, fordlet på 8 ulike nasjonalitetar. Gjennomsnitleg oppmøte er 15-20 born.

Fleire lag og organisasjonar har og funne det nye Tunet som høveleg arena for ulike møter. Alle stader der vi kan skape allianser med andre deler av lags- og kulturliv vert vi alle vinnarar.